

KS
Postboks 1378 Vika
0114 Oslo

Deres ref

Vår ref
200800529

Dato
04.02.08

Invitasjon til samarbeid om læremiddel 2008

Hausten 2007 vart leveringa av læremiddel til fleire vidaregåande skular forseinka i større eller mindre grad. Problemet galdt læremiddel på VG2. Frå skuleåret 2007-2008 fekk fylkeskommunane ansvar for nødvendige trykte og digitale læremiddel for dette klassesteget.

Fram mot skulestart hausten 2008 vil det være behov for eit arbeid for å sikre at læremidla kjem fram til elevane til rett tid slik at undervisinga kan gjennomførast frå skulestart. Det vil særleg være aktuelt å følge situasjonen for VG3. Frå skuleåret 2008-2009 får fylkeskommunen ansvaret for å skaffe læremiddel til dette klassesteget.

Kunnskapsministeren og kommunal- og regionalministeren ønskjer å invitere KS til eit samarbeid med det som mål at elevane i vidaregåande opplæring til hausten skal få læremidla i rett tid. I eit eventuelt samarbeid mellom KS og regjeringa, vil Kunnskapsdepartementet representere regjeringa i dialogen med KS og fylkeskommunane.

Kunnskapsdepartementet tek sikte på å setje i verk fleire tiltak fram mot skulestart. Fylkeskommunane og Utdanningsdirektoratet skal rapportere til Kunnskapsdepartementet to gonger våren 2008 om framdrifta når det gjeld innkjøp av lærebøker til vidaregåande opplæring, med spesiell vekt på å melde frå om situasjonen for læremiddel til Vg3. Fylkeskommunane skal denne våren melde frå om korleis dei vil sikre at læremidla kjem i tide, og Utdanningsdirektoratet skal halde kontakt med dei største leverandørane om produksjonen av dei læremidla som skal kjøpast inn. Direktoratet skal rapportere til departementet. Etter skulestart skal fylkeskommunane

melde frå til Utdanningsdirektoratet om status. Dersom det manglar læremiddel, skal fylkeskommunane gjere greie for årsakene til dette. Fylkeskommunane skal her også rapportere om det berre er kjøpt inn læremiddel som ligg føre på bokmål og på nynorsk slik opplæringslova krevjar. Informasjon frå rapportane vil bli publisert på heimesidene til Utdanningsdirektoratet.

Det er i tillegg viktig at fylkeskommunane får nødvendig rettleiing slik at dei har kompetanse til gjere det dei kan for at ein kan unngå nye forseinkingar.

Fylkeskommunane har ikkje tidlegare hatt ansvar for å gjennomføre omfattande innkjøp av læremiddel. KS vil ut frå sin posisjon til fylkeskommunane kunne hjelpe til i dette arbeidet.

Vi er opptekne av at fylkeskommunane får nødvendig rettleiing om gjennomføring av tilbudsprosessar (anbod), særleg om å inngå kontraktar og bruk av moglege kontraktssanksjonar ved forseinka leveranse. Det er mellom anna ønskeleg at KS anbefalar fylkeskommunane at dei tek i bruk dagsbøter i kontraktane der dette er mogleg. I tillegg er det ønskjeleg at fylkeskommunane får rettleiing om tilbudsprosessar (anbod) generelt og anna relevant rettleiing. Vi ber derfor KS om å medverke til å gi nødvendig rettleiing til fylkeskommunane.

Det er også eit problem at elevar, lærarar og foreldre i grunnskulen kvar haust ventar forgjeves på bestilte lærebøker på grunnskulen på nynorsk. Slik var det også hausten 2007. Dette skjer sjølv om lova klårt føreset at parallellutgåver skal føleggje til same tid. Vi ynskjer å sikre grunnskuleelevar lærebøker i samsvar med det tidspunktet dei er tinga til. Her trengst det også samarbeid med KS om rettleiing.

For å samarbeide om det nærmare innhaldet i rettleiinga og for å høyre kva KS ser som mogleg og rimeleg rettleiing inviterar Kunnskapsdepartementet KS til eit møte i departementet. Vi ser fram i mot ei positiv tilbakemelding og eit godt samarbeid vidare.

Med helsing

Bård Vegar Solhjell

Magnhild Meltveit Kleppa